Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hattfjelldal

Emne: Jületre o jülehalm | Bygdelag: ved Rösvatne

Oppskr. av: Martin Bekken | Gard: Åkervik

(adresse): Hattfjelldal | G.nr. 74 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Jületreet er vanlig her i bygda no,
2 og har vore vanlig brükt dei siste
70 åra. Nar det fyrste jületreet
vart brükt her i bygda, er det
nok ingen som kann seia sikkert.
3 Treet vart den fyrste tida berre
brükt på gardane. Fyrst kring
1910 – 20 åra, tok det til å bli
brükt på barne og üngdoms festar.
4 Den fyrste tida her bådde
folk med dei hadde berre jord-
golv, brükte dei nok halm på
golvet i storhelgar og festlege
höve og låg i halmen. Seinare, då dei fekk tre-
golv, hakka dei eine og ströddde
på golvet i slike höve.
5 No er det slütt med slik
stas. No er det måla golv og
veggen, med mattor på golva,
gardinor til vindaügo, bilete
og all slags krims krams pa
veggene.
6 Jületrea kann vera üpp til
2 m. höge.

Sjå andre sida

9469

2

7 No kjöper ein „jületrestas." til å pynta det med.

8 Når borna er små pyntar dei vaksne; men når borna blir större, er det dei som står for pyntinga.

9 Treet står etter som det höver best i huset.

10 Lys blir no mindre og mindre brukt i treet.

11 Dei går rundt treet og syng salmar, der dei har så store „stuår," at det går an."

12–13 Jületreet skal stå til 6. jan. „Så atn Knut kann få kam å jag jüla üt å trettendajen."

14 Treet skal mina üm Kristüs som vart hengt på trekross.

15 Det er gran og fürru som blir brukt til jületre.

16 Jüleneket blir oftast sett på ein stake fram för eit vindauga, så det blir höveleg for folket i huset å sjå på fuglane når dei gjeter det.

Jülehalm. (sjå svar 4 på fyrste sida)

No er det nok ingen som kann minnast at dei brükte halm. Men bestemor fortalde, at dei brükte halm eller fint björkris på jordgolva, dei fyrste som büdde her. Dei brükte nok halm ei tid her, etter at dei hadde fått tregolv, og dei låg i halmen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 9469